

<b>Kva:</b>	Møte nr. 08 i Alpinkomiteen 2023-2025
<b>Tidspunkt:</b>	Onsdag 27. november kl. 18:20-20:30
<b>Stad:</b>	Thon Hotell Jølster, Skei
<b>Sakliste:</b>	<i>REFERATSAKER:</i> <i>SAK 54 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 55 23-25 Godkjenning av protokoll møte nr. 07 23-25</i>  <i>RAPPORTERINGSSAKER</i> <i>SAK 56 23-25 Rekneskapsrapport</i>  <i>DISKUSJON- og VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 57 23-25 Kvalik. reglement til HL og TL</i> <i>SAK 58 23-25 Sportsleg opplegg 2025</i> <i>SAK 59 23-25 Budsjett 2025</i> <i>SAK 60 23-25 SFSK Handlingsplan</i>  <i>EVENTUELT</i> <i>SAK 61 23-25 Telenorleikene 2025, Sogndal IL</i>
<b>Til stades:</b>	Roger Ellingsund, Fabian Bergqvist, Cato Vik, Atle Sæterbakken (deltok digitalt), og Kennet Dvergedal (adm.)
<b>Forfall:</b>	Elisabeth Sætren og Rakel Sunde
<b>Referent:</b>	Kennet Dvergedal

**Referatsaker:****SAK 54 23-25****Godkjenning av innkalling og sakliste****Bakgrunn**

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 55 23-25****Godkjenning av AK protokoll nr. 07 23-25****Bakgrunn**

Protokoll frå AK møte nr. 07 23-25 er sendt ut som eige vedlegg og godkjent elektronisk tidlegare.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner AK protokoll nr. 07 23-25.



## RAPPORTERINGSSAKER

SAK 56 23-25

### Rekneskapsrapport

#### Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 27.11.2024 vert lagt fram i møtet.

Nøkkeltal;

Inntekter AK: kr. 273 180,-

Kostnadar AK: kr. 378 079,-

Resultat: kr. -104 899,-

Eigenkapital alpinksomiteen pr. 31.12.2023: kr. 805 995,-

#### VEDTAK

Alpinksomiteen tek rapporten til orientering.

## DISKUSJON- og VEDTAKSSAKER

SAK 57 23-25

### Kvalik. reglement til HL og TL

#### Bakgrunn

Gjeldande kvalik. reglement til Hovudlandsrennet og Telenorleikane er lagt ved som eige vedlegg.

#### VEDTAK

Alpinksomiteen gjer vedtak om å følgje gjeldande kvalik. reglement slik det føreligg.

SAK 58 23-25

### Nasjonale renn 2025

#### Bakgrunn

Følgjande nasjonale renn for aldersbestemt i alpint er terminfesta:

- Kvalik. int. barneskirrenn U14/U16, 18.-19. januar 2025, Trusil
- Bama Skifestival, 20.-23. mars 2025, Ål
- Telenorleikene, 27.-30. mars 2025, Sogndal
- Hovudlandsrennet 1.-6. april 2025, Hafjell
- Skistar Wintergames, 25.-27. april 2025, Hemsedal

I det vidare arbeidet bør alpinksomiteen m.a. diskutere til kva arrangement ein skal legge til rette for felles krinsopplegg. Det kan vere aktuelt å få til felles opplegg i samarbeid med andre skikretsar.

#### VEDTAK

Alpinksomiteen gjer vedtak om legge til rette for felles opplegg i samband med nasjonale renn i samarbeid med Hordaland Skikrets.



SAK 59 23-25

## **Budsjett 2025**

### **Bakgrunn**

Framlegg til rammer for budsjett til alpikomiteen for 2025 er lagt ved som eige vedlegg. Skikrinsen sitt budsjett for 2025 blir vedtatt på møte i Skikrinsstyret i utgangen av 2024.

### **ALPINKOMITEEN**

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for alpikomiteen 2025 går i underskot, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 522 160,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 550 520,-.

### **Drift komité**

Det er budsjettert med kr. 226 160,- i overføring av marknadsinntekter jf. Samarbeidsavtalen med Sparebanken Vest. Mømskompensasjon er budsjettert til ca. kr. 30 000,-. Det er også lagt inn kr. 15 000,- i lisensar/ rennavgifter.

Det er budsjettert med kostnader på kr. 30 000,- knytt til avskrivning av tidtakarutstyr som er kjøpt i 2023. Det er også budsjettert med inntekter frå søknad om tippemidlar for tidtakarutstyret i 2025.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 248 100,-.

### **NM**

Ifbm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad kr. 10 000.

Årsbudsjett resultat på dette prosjektet er kr. -10 000,-.

### **Jr. NM**

Ifbm. jr. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad er kr. 9 600,-.

Årsbudsjett resultat på dette prosjektet er kr. -9 600,-.

### **HL**

Ifbm. Hovudlandsrennet og Landsfinalen er det budsjettert med honorar, reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter). I budsjett for 2025 er det også lagt inn at ein dekker heiskort for utøvarane ifbm. HL, LF og BAMA.



Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -54 560,-.

## **Cup**

Ifbm. krinsarrangement er det budsjettert med kr. 15 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -15 000,-.

## **FIS-renn**

Til FIS-renna i alpint er det budsjettert at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar. I tillegg er det budsjettert med ei støtteordning til FIS-løparane i Skikrinsen.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -59 600,-.

## **Samlingar/ krinslag**

Samlingane er budsjettert i høve alpinkomiteen sitt sportslege opplegg i 2025. Det er budsjettert med kr. 30 000,- i deltakaravgifter på samlingar utanfor skikrinsen.

Til prosjektet er det også budsjettert med støtte til utvida skilicens for utøvarar i U16 og U14. Dette gjeld for sesongen 2024/2025 og blir vurdert på nytt i framkant av sesongen 2025/2026.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -121 000,-.

## **Alpinkomiteen**

Til møteverksemd i alpinkomiteen er det sett av kr. 7 000,-.

## **Freerki**

Til prosjekt freerki er det budsjettert med kostnadar knytt til samlingsaktivitet i 2025. Det er også budsjettert med inntekter knytt til samlingane.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet går i balanse.

## **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å innstille adm. sitt framlegg til budsjett for vedtak i skikrinsstyret.

**SAK 60 23-25**

## **SFSK Handlingsplan 2023-2025**

### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2023-2025 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2023.



I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta alpinksomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen ligg vedlagt.

## **VEDTAK**

Alpinksomiteen tek saka til orientering og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

## **EVENTUELT** **SAK 61 23-25**

### **Telenorleikene 2025, Sogndal IL**

#### **Bakgrunn**

Sogndal IL alpint er vertskap for Telenorleikene 27.-30. mars 2025. Ifbm. arrangementet er det behov for ressurspersonar med alpinerfaring til dugnadslista.

Sogndal IL alpint har sendt henvendelse til alpinklubbane i krinsen, og mange er positive til å bidra, men det er likevel få som har gitt skriftleg tilbakemelding om dei kan vere med.

## **VEDTAK**

Alpinksomiteen gjer vedtak om å følgje opp saka med aktuelle klubbar, samt aktuelle personar som kan bidra.

**Neste møte i alpinksomiteen: Veke 5, 2025**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Roger Ellingsund (s)  
Leiar AK

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef